

KOMMISJONSAVGJERD

av 24. februar 1997

om skiping av eit europeisk rådgjevande forum for miljø og berekraftig utvikling(*)

(97/150/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR –

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fællesskapet og

ut frå desse synsmåtane:

Rådet og representantane for regjeringane i medlemsstatane samla i Rådet godkjende ved resolusjonen sin av 1. februar 1993 om et fællesskapsprogram for politikk og tiltak på området miljø og berekraftig utvikling⁽¹⁾ framgangsmåten og den overordna strategien for programmet «Mot ei berekraftig utvikling», som Kommisjonen hadde lagt fram.

På grunnlag av dette programmet skulle det skipast eit overordna rådgjevande forum samansett av representantar for produksjonssektorane, forretningslivet, regionale og lokale styresmakter, yrkessamanslutningar, fagforeiningar og miljøvern- og forbrukarorganisasjonar.

Ved kommisjonsavgjerd 93/701/EF⁽²⁾ vart det skipa eit overordna rådgjevande miljøforum.

Talet på representantar i forumet var tilmåta dei ulike aktuelle sektorane. Medlemmene vart oppnemnde av Kommisjonen, samstundes som det vart teke omsyn til tilrådingar frå organisasjonar som representerer dei aktuelle sektorane på fællesskapsplan.

Forumet har synt seg å vere eit nyttig rådgjevande organ for Kommisjonen når det gjeld visse sider ved berekraftig utvikling og miljøpolitikken.

Forumet har vore ein stad for samråd og dialog mellom representanane for dei førnemnde sektorane og Kommisjonen.

I lys av at forumet har lykkast med å fremje ein slik dialog, er det ønskeleg å styrkje den offentlege profilen det har, og å gje det ei meir uavhengig rolle.

Det bør oppnemnast ein uavhengig leiar for forumet, og namnet på det bør endrast.

(*) Denne fællesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 58 av 27.2.1997, s. 48, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 192/1999 av 17. desember 1999 om endring av EØS-avtalens protokoll 31 om samarbeid på særlege områder utenfor de fire friheter, se denne utgaven av EØS-tillegget til De Europeiske Fællesskaps Tidende.

(1) TEF nr. C 138 av 17.5.1993, s. 1.

(2) TEF nr. L 328 av 29.12.1993, s. 53.

Miljøproblema krev auka medverknad frå europeiske statar som er nært knytte til Den europeiske unionen, og difor bør det fastsetjast at deltakarar frå EØS-statane og dei assosierte statane kan vere med i forumet.

Av omsyn til klårleiken bør avgjerd 93/701/EF bytast ut –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

1. Det vert skipa eit europeisk rådgjevande forum for miljø og berekraftig utvikling, heretter kalla «forumet».
2. Forumet skal vere samansett av representantar for produksjonssektorane, forretningslivet, regionale og lokale styresmakter, yrkessamanslutningar, fagforeiningar og miljøvern- og forbrukarorganisasjonar.
3. Kommisjonen kan oppnemne medlemmer til forumet frå EØS-statane og dei assosierte statane.

Artikkel 2

1. Forumet kan rådspørjast av Kommisjonen om alle problem i samband med miljø og berekraftig utvikling i Fællesskapet eller i heile Europa.
2. Eit medlem av det arbeidsutvalet for forumet som er nemnt i artikkel 7 nr. 3, kan gjere Kommisjonen merksam på at forumet bør rådspørjast i ei sak som høyrer inn under ansvarsområdet til forumet, men som forumet ikkje er bede om å uttale seg om.

Artikkel 3

Forumet skal ha 32 medlemmer med særskild sakkunne på området miljø og berekraftig utvikling. Plassane skal fordelast på følgjande måte:

- a) sju til tolv plassar til representantar for forretningslivet,
- b) tre til fem plassar til representantar for regionale og lokale styresmakter,
- c) fire til sju plassar til representantar for miljøvern- og forbrukarorganisasjonar,
- d) ein til tre plassar til representantar for fagforeiningar,
- e) sju til ti plassar til framstående personar.

Artikkel 4

Medlemmene av forumet skal oppnemnst av Kommissjonen, som skal ta omsyn til tilrådingane frå dei sektorane som er nemnde i artikkel 1 nr. 2.

Artikkel 5

1. Mandatet til eit medlem av forumet skal vare i fire år. Det kan fornyast.
2. Etter at fireårsperioden har gått ut, skal medlemmene av forumet halde fram i vervet til dei vert avløyste, eller til mandatet deira vert fornya.
3. Mandatet til eit medlem skal ta slutt før fireårsperioden går ut, dersom medlemmet går av eller døyr. For resten av mandatperioden skal medlemmet avløyast etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 4.
4. Vervet som medlem av forumet skal vere uløna.

Artikkel 6

Kommissjonen skal offentleggjere lista over medlemmer i *Tidend for Dei europeiske fællesskapa*.

Artikkel 7

1. Kommissjonen skal oppnemne eit av medlemmene av forumet til leiar for forumet for ein periode på to år. Mandatet kan fornyast éin gong.
2. Forumet skal velje to nestleiarar blant medlemmene sine for ein periode på to år. Mandatet kan fornyast éin gong. Dei skal veljast med to tredels fleirtal av dei medlemmene som er til stades.
3. Leiaren og nestleiarane skal danne arbeidsutvalet. Arbeidsutvalet skal førebu og leggje til rette arbeidet i forumet.

Artikkel 8

1. Etter framlegg frå eit av medlemmene av forumet eller frå Kommissjonen kan forumet be personar med særskild kunnskap om ei sak som står på dagsordenen, om å ta del i arbeidet i forumet som sakkunnige.
2. Dei sakkunnige skal vere med og drøfte berre den saka som krev at dei er til stades.

Artikkel 9

Forumet kan skipe arbeidsgrupper.

Artikkel 10

1. Forumet og arbeidsutvalet skal halde møte i lokala til Kommissjonen etter innkalling frå leiaren og etter avtale med Kommissjonen.
2. Representantar for dei kontora i Kommissjonen som det kjem ved, kan ta del i møta i forumet, arbeidsutvalet og arbeidsgruppene etter innkalling frå leiaren og etter avtale med Kommissjonen.
3. Kommissjonen skal ta seg av sekretariatsfunksjonane for forumet, arbeidsutvalet og arbeidsgruppene.

Artikkel 11

1. Forumet skal drøfte oppmodingar frå Kommissjonen om fråsegner. Det skal ikkje røystast over fråsegnene.
2. Når Kommissjonen ber forumet om ei fråsegn, kan han setje ein frist for når fråsegna skal gjevast.
3. Referatet frå kvart møte, med dei vedtekne standpunkta, skal sendast over til Kommissjonen.

Artikkel 12

Med atterhald for føresegnene i artikkel 214 i traktaten skal medlemmene av forumet ikkje gje vidare opplysningar som dei har fått kjennskap til under arbeidet sitt i forumet eller arbeidsgruppene, når Kommissjonen melder frå at fråsegna som det er bede om, eller spørsmålet som er stilt, gjeld ei sak som er fortruleg.

I slike høve skal berre medlemmene av forumet og representantane for kontora til Kommissjonen vere til stades på møta.

Artikkel 13

Avgjerd 93/701/EF vert oppheva.

Artikkel 14

Denne avgjerda skal gjelde frå 1. mars 1997.

Utfjerda i Brussel, 24. februar 1997.

For Kommissjonen

Ritt BJERREGAARD

Medlem av Kommissjonen